



IDRETTSLAGET SOLID

Årsmelding for 2020

# Idrettslaget Solid

Side1

**IDRETTSLAGET SOLID** | Stifta 25. august 1945

Medlem av: Norges Idrettsforbund, Norges Fotballforbund, Norges Håndballforbund,  
Norges Svømmeforbund, Norges Gymnastikk og Turnforbund



**Årsmeldingsperiode: 01/01/2020 til 31/12/2020.**

Hovudstyret vart på forrige årsmøte valgt til å bestå av:

## Arbeidsutvalet:

Leiar	Karl Olav Gravdal
Nestleiar	Grethe Fadnes Hansen
Økonomi	Marianne Ankervold
Skrivar	Ragnhild Pedersen
Styremedlem	Britt Heidi Værøy
Styremedlem	Fredrik Mättäla
Styremedlem	Geir Raudstein Aasheim

## Gruppeleiarar:

Fotball	Torleif Værøy
Turn	Charlotte Storetvedt
Symjing	John Helland
Handball	Alfred litlabø

Styret i IL Solid har sidan forrige årsmøte bestått av elleve personar, samansatt arbeidsutvalet og gruppeleiarane. For gruppene sine respektive styre vert det vist til gruppene sine årsmeldingane.

Dei sju personane i arbeidsutvalet fungerer og som styre i Solidhuset Drift.



## Innleiing

2020 var året der Idrettslaget Solid sitt 75-årsjubileum skulle feirast, men i staden opplevde me eit særst spesielt år, prega av utfordringar me håpar å sleppe i framtida.

Koronapandemien har prega det meste av året og gjort det vanskeleg å møtast for å planleggje aktivitetar og arrangement.

Kontrastane er store frå jubileumsår til koronaår. I byrjinga av mars samlast frivillige frå alle gruppene til kjekt sosialt samvær og eit miniseminar i Stavanger, men berre nokre dagar seinare stengte landet ned, i håp om at tiltake berre skulle vare ei kort tid.

Sjølv om det er tungt og vanskeleg å avlyse planlagde arrangement, som både basaren og Eat Move Sleep, er det likevel periodane med avlysning daglege aktivitetar som har vore tyngst - fråværet av idrettsaktivitet og sosialt samvær, samt uvissa over kva tid me kan komme tilbake i normalt gjenge.

Økonomisk har heldigvis idrettslaget klart seg greit, mykje takka vera gåver frå mellom anna Sparebanken Vest, samt tilskotsordningane frå kulturdepartementet. Diverre har Solidhuset Drift hatt eit tungt økonomisk år, sidan få av tilskotsordningane har vore relevante.

Sjølv om jubileumsåret 2020 på mange måtar vart ein stor nedtur, både sportsleg og sosialt, inneheldt året minst ein stor opptur. I juni vart byggjinga av den nye ungdomsskulen på Nysæter vedtatt, med både 25-metersbasseng, buldrehall, fleirbrukshall og basishall, noko som vart ein stor merkedag i klubben si historie. Byggjearbeidet starta rundt jul og me gler oss til å ta anlegga i bruk, hausten 2022!



## Medlemstal

IL Solid har 7 æresmedlem. Disse er: Geir Eriksen, Kurt Grundvold, Arne Vikanes, Sverre Vinje, Asbjørn Mellemstrand, Jan Terje Alsaker og Grethe Fadnes.

Idrettslaget sine aktive medlem er fordelt slik i alder:

Aktivitetstall Idrettslaget Solid per 31.12.2019

Alder	0-5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	Over 26	Totalt
Aktivitetstall IL Solid 2015	18	231	111	22	199	581
Aktivitetstal IL Solid 2016	19	240	148	36	186	629
Aktivitetstal IL Solid 2017	30	266	106	19	121	660
Aktivitetstal IL Solid 2018	53	300	105	15	168	641
Aktivitetstal IL Solid 2019	68	291	94	8	210	671
<b>Aktivitetstal IL Solid 2020</b>	<b>63</b>	<b>341</b>	<b>73</b>	<b>11</b>	<b>200</b>	<b>688</b>

Medlemstalet har tilsynelagane gått noko opp frå i fjor, mellom anna grunna vekst i handballgruppa, men skjult i medlemstala har me i år fått inn nokre støttemedlem og fleire "sovande" medlem, som t.d. ventar på å ta del i aktivitet når koronapandemien er over.

I situasjonen me står opppe i er kapasiteten nærast sprengt for fleire av inneaktivitetane. Avstandskrav og tilrådingar om maks antall deltakarar har gjort at ein del grupper er nærast sprengt, utan høve til å starte opp nye parti, sidan me ikkje disponerer gymsalane og bassenga meir enn me gjer. I symjegruppa har ein i tillegg utfordringa med at det ikkje lengre er basseng på Nysæter, slik at all symjeopplæringa må fordelast på to timar i bassenget i Rehabiliteringssenteret.

Me er uroa over at spriket i medlemstalet mellom gruppene 13-19 og 6-12 aukar, noko som tyder på at me diverre ikkje har eit godt nok tilbod for ungdommane. Her håpar me at gode fasilitetar på Nysæter kan bidra til å redusere fråfallet, så det er viktig for oss å jobbe vidare med å få eit til eit best mogleg anlegg.

## Kursverksemd

Hovedstyret ynskjer framleis å satsa på utdanning av trenarar o.l., og har satt av midlar til dette i balansen, slik at gruppene framleis kan søkja om støtte til utdanning.

Gruppene vert framleis oppmoda om å ta desse midlane i bruk, men av naturlege årsaker har det vore lite kursverksemd i 2020.



REIN GLEDE

## Sportsleg

Grunna koronapandemien har mange av dei sportslege høgdepunkta vore avlyst, men det vert likevel vist til årsmeldingene til dei ulike gruppene for meir informasjon.

## Jubileumsåret 2020

2020 skulle bli eit jubileumsår for Idrettslaget Solid, men i staden vart det eit år prega av pandemi, avlyste arrangement og ein situasjon der det vart nærast umogleg å planlegge aktivitetar. Sjølv om det i delar av året var mogleg å arrangere idrettsaktivitet, vart det for vanskeleg å planlegge sosiale og utanomsportslege arrangement.

Me er likevel glade for at frivillige frå dei ulike gruppene klarte å samlast i Stavanger helga før landet stengte ned. På 17. mai var det meste av arrangement avlyst, men sidan me hadde kjøpt ny fane i høve jubileet, hadde me avtalt med Sagvåg Musikklag at dei skulle spele nasjonalsangen og ein kort marsj ved Solidhuset, slik at me i det minste fekk vist fana i ei 17. maihelsing på nettsida og på Facebook.

Dei andre jubileumsfeiringane vart diverre utsatt og avlyst. Det var viktig for oss å kunne invitere «alle» til desse arrangementa, men koronarestriksjonane gjorde at ikkje alle kunne bli med. Me ønskjer difor å markere jubileet seinare, t.d. når Nysæter Ungdomsskule opnar.

## Prosjekt

Det viktigaste, store prosjektet for IL Solid har og i 2020 vore knytta til realisering av den nye skulen på Nysæter.

Utgangspunktet var ikkje det beste, sidan det i 2019 vart vedtatt at basishallen, klatrehallen og 25m-bassenget berre var inkluderte som opsjonar i prosjektet.

Store delar av våren gjekk difor med til å prøve å påverke politikarane i kommunestyret til å vedta opsjonane i kommunestyremøtet i juni.

Me lukkast i stor grad, takka vera ein enorm innsats frå mellom anna Leif Ottar Heimro. Sjølv om klatrehallen ikkje vart inkludert i prosjektet i denne omgang vert det lagt tilrette for at denne kan realiserast seinare. Denne vert det jobba vidare med å få inn i prosjektet, i samarbeid med Stord Tinde- og klatreklubb.

Det har og vore jobba med nokre mindre, men likevel viktige prosjekt. Mellom anna har det vore arrangert felles styreseminar og årsmiddag der alle med styreverv i dei ulike gruppene vart inviterte. I tillegg var representantar frå alle gruppene med på den faglege og sosiale turen til Stavanger i mars.



REIN GLEDE

# IDRETTSLAGET SOLID

I tillegg har klubben jobba vidare med å implementere Spond som felles medlemssystem og dei økonomiansvarlege har jobba godt med innføring av felles rekneskapssystem.



## Økonomi

Økonomien i klubben er god og stabil, noko som gjev klubben rom til å drive utviklingsarbeid. Hovedinntekta til hovedstyret er inntekter frå grasrotmidlar, noko me framleis er største mottakar av i kommunen.

I 2020 vart økonomien i stor grad påverka av koronapandemien. Dei fleste inntektsgjevande arrangementa vart avlyst, men heldigvis vart mykje av inntektstapet kompensert for gjennom dei ulike krisepakane frå regjeringa, særleg i byrjinga av året. I tillegg fekk me koronamidlar frå Sparebanken Vest.

Med avlyste arrangement gjekk inntektene til klubben ned med over ein million kroner i 2020 (frå 3,9 millionar i 2019), men avlysningane gjorde og at utgiftene gjekk ned med omlag 1,5 millionar (frå 3,05 millionar), slik at overskotet vart større enn året før (846').

Me veit koronapandemien vil gjere utslag på økonomien for 2021, men i utgangspunktet har klubben eigenkapital nok til å klare seg gjennom krisa, sjølv om det er vedtatt å gå inn med pengar i Nysæter-prosjektet og oppussing av Solidhuset.

### Økonomiske nøkkeltal 2020 - Idrettslaget

Gruppe/ avdeling	Inntekter	Utgifter	Resultat	Eigenkapital
Administrasjon	1 253 088	125 294	1 138 622	8 116 036,78
Symjegruppa	278 763	277 685	1 077	
Fotballgruppa	1 095 058	923 870	194 354	
Handballgruppa	10 754	23 298	-12 520	
Turngruppa	82 385	98 818	-15 947	
Fríidrettsgruppa	1 357	4 950	-3 592	
Ungdomsutvalet	7 898	0	7 977	
Solidfondet	39 721	0	39 721	
<b>Samla</b>	<b>2 772 531</b>	<b>1 298 455</b>	<b>1 334 085</b>	<b>8 116 036,78</b>



For detaljerte tal, sjå gruppene sine årsrekneskap.

I løpet av 2020 har alle gruppene gått over til elektronisk bokføring med systemet Visma eAccounting. Fotballgruppa har frå før brukt dette systemet i nokre år.

Det å samla all bokføring i same system vil gi laget betre oversikt over den løpande økonomien i laget og det vil på sikt letta arbeidet for både kasserarar og revisorar. Systemet har direkte integrasjon med bank, slik at alle postar vert lagt direkte til bokføring. Fakturaer kan og leggst til betaling direkte frå Visma eAccounting.

Me er framleis i ei opplæringsfase i systemet, og planlegg fleire samarbeidsmøter for kasserarar og revisorar i løpet av 2021. Revisorane har vore og er til vært god hjelp i dette arbeidet sidan dei har god kompetanse på feltet. Erfaringa frå fotballgruppa har og vore svært viktig i dette arbeidet.

Sjølv om klubben jobbar godt med å ha gode økonomirutinar gjorde koronapandemien at det var vanskeleg å møtast for å arbeide så godt saman som me hadde ønskt. Det vert difor jobba vidare med økonomirutinar og rekneskapssystem i 2021.

## Solidhuset Drift

For Solidhuset drift har diverre koronapandemien hatt større, negative utslag. Inntektene er kraftig redusert i forhold til året før, samstundes som drifta har falle utanfor dei fleste av kompensasjonsordningane. Heldigvis fekk ein kompensert for delar av utgiftene til husleige og straum mot slutten av året, men ikkje nok til å få eit positivt resultat. Etter fleire år med underskot bør det framover takast grep for å hjelpe solidhuset drift med å få større inntekter, eller eventuelt redusere kostnadane.

### Økonomiske nøkkeltal 2019 - Solidhuset drift

Gruppe/avdeling	Inntekter	Utgifter	Resultat	Eigenkapital
Solidhuset drift 2020	559 747	578 843	-18 729	98 465
Solidhuset drift 2019	910 042	945 966	-35 924	117 194

Me håpar samstundes at den generelle oppussinga/oppfriskinga av lokala, som Stiftinga Solidhuset har gått i gang med, vil bidra til å auke attraktiviteten til Solidhuset når pandemien er over.

Me er framleis glade for innsatsen Rita og Grete for gjer for Solidhuset og takkar dei innsatsen!





REIN GLEDE

# IDRETTSLAGET SOLID

## Anlegg

Klubben har framleis stort fokus på å få kommunen til å byggje ny ungdomsskule, med tilhøyrande 25m basseng, basishall, klatrehall, handballhall, kulturareal og møteplass. Dette vil vera eit løft for både klubben og bygda, noko me trur kan auke deltakinga og medlemstalet både i IL Solid og hos andre aktørar som nyttar skulen etter skuletid.

Eit slikt anlegg vil gje rom for nye aktivitetar, og auka aktivitet, mellom anna for turngruppa. Me ønskjer å gjera dette til det nye store treffpunktet i bygda, og legg vekt på allsidig bruk når det gjeld organisert og uorganisert aktivitet, både innan idrett og kultur. Me har gått breidt ut for å invitera med alle lag og organisasjonar i bygda, og me møter mange godord for planane våre i bygda.

Solidbanen og anlegget rundt Solidhuset er og viktig for klubben og me her ønskjer me å gå i gang med ei langsiktig planlegging av nye tribunar, kiosk mm, samstundes ser me det byrjar bli behov for oppgradering av garderobar, parkeringstilhøve på nordsida av banen mm.

## Avslutning

IL Solid jobbar for at flest mogleg barn og unge får ta del i aktivitetar prega av tryggleik, meistring og trivsel, der idrett er den viktigaste samlingsfaktoren.

Dei siste åra har visjonen til idrettslaget vore: REIN GLEDE! Me gjer vårt for å leve etter denne, både på og utanfor idrettsanlegga.

I tillegg til å vera eit idrettslag er nemleg IL Solid ein viktig samfunnsaktør som jobbar godt i tråd med både visjonen og verdiane våre:

**«Respekt, rettferd, engasjement og inkludering»**

I eit normalår er det nemleg ikkje berre innan idrett at Solid bidreg. Klubben er mellom anna medarrangør av Fest i Vest, deltar i Pride-paraden på Leirvik og samlar inn pengar til gode formål gjennom Solid Aid. Idrettslaget ønskjer å skape både engasjement, møteplassar og gode fellesskap, noko me jobbar vidare med i tida som kjem.

Utan alle dei frivillige som bidrar med tusenvis av dugnadstimar kvart år hadde det ikkje vore grunnlag for å driva idrettslaget. Stor takk til alle desse!

Styret vil og retta ei stor takk til gruppene sine sponsorar for god støtte.

For styret  
Idrettslaget Solid

Karl Olav Gravdal  
Styreleiar

Side 9